



Dette er den hyppigast brukte flytypen på Sørstokken, ATR 42 med 66 seter.

Dei siste månadane har Stord lufthamn kunne visa til stadig'aukande reisetal luftvegen. I juni var auken 45 prosent samanlikna med juni ifjor. Det er også ein auke i talet på privatreisande. Nesten 13 500 har nytta lufthamna til no i år og det er rundt 3000 fleire enn i fjor, melder lufthamnsjef, uskedelingen Jan Morten Myklebust. Til grunn for trafikkauken ligg særleg auka pendling til Aukraprosjektet, Sørstokken har no også kasta seg inn i kampen om å verta helikopterbase for Nordsjøen på grunn av aukande støyproblem på Flesland.

Stord har tidlegare fungert som base med gode tilbakemeldingar om strategisk plassering og god instrumentering. Ved tidlegare høve har lufthamna hatt opptil 16 helikopterflighthar om dagen.

I dagane frå 20. til 22. september vert det helgetur til København, som tek berre halvannen time.

Chartertrafikken er også aukande, til dømes med besøk av eit færøysk og eit tsjekkisk fly. i den seinare tid.

Av Ola Matti Mathisen